



Mange fornøgte deltakarar!

**Skiskulen som vart arrangert i Fjellhaugen i går, laurdag, fortener karakteristikken strålende. Både innhaldet, deltakarane, humøret og ikkje minst veret levde verkeleg opp til dette adjektivet. Det var skigruppene i dei 4 idrettslaga i Matre, Rosendal, Omvikdalen og Uskedalen som stod bak dette vellukka tilbodet til dei aktive skiløparane.**

Det var om lag 60 deltakarar frå dei 4 idrettslaga. Dei vart fordelt på 5 ulike treningsgrupper frå 2.-3.klasse og opp til ei gruppe for vaksne. På kvar gruppe var det 3-4 trenarar, litt mindre på dei eldste, og desse sytte for at deltakarane var gjennom eit program godt tilpassa alder og dugleik.

Dei yngste fekk nybyrjaropplæring og opplæring i teknikk; - mykje av undervisninga var leikeprega.

- Det var veldig kjekt å sjå framgangen dei yngste hadde utover dagen. Det er utruleg kor godt dei tileignar seg teknikkar gjennom leiken, fortel Cathrine Haugland i UIL si skigruppe som også var ein av dei mange trenarane.

For å visa breidda i tilbodet, nemner vi at i ungdomsgruppa brukte dei ein del filming med Ipad, og teknisk feilretting ut frå det.

- Ungdommane opplevde dette som veldig nyttig, og det er slikt som det vert lite tid til i den vanlege treningskvardagen, fortel Cathrine.



Ein flott bukett spreke langrennsungdommar!

Elles fortel ho at dei hadde ei skicross-løype med kular, hopp og slalom som var populær, og som dei brukte når muligheten baud seg. Dei hadde mest ikkje tid til å ta matpause.

I matpausen sytte Kjersti Bråtun og staben hennar for grilla pølser til alle. Alle fekk også deltakarpremiar.

Cathrine Haugland gjev uttrykk for at samarbeidet mellom dei 4 klubbane var svært så vellukka.

Tilbakemeldingane frå dei andre laga er også gode. Borna og ungdommane syns også dette var kjekt. Dei eldste trenar ein del saman til vanleg, men for den yngre delen var det kjekt å stifte nye bekjentskap. Såleis var samlinga ikkje berre ein sportsleg fulltreffar. Sosialt var det også eit blinkskot!



Matpause og sosialt samvær.



Flott klassisk stil.



Skøyteteknikken sit som den skal.



Samling for gode tips og råd

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Kari Bråtun